

# Årsmelding for Samnanger historielag 2023.

**Tillitsvalde, styret :** Solvor Aadland - leiar Helge Hisdal - nestleiar

Audhild Aadland Olsnes -skrivar Gisle G. Øye - kasserar Tor Wold - styremedlem

Varamedlemar: Inger Midtun og Kristian Jørgensen

Arne Nordbø revisor

**Årboknemnd:** Knut Ådne Haukanes Røen, Svein Egil Kvale, Øyvind Røen og Thomas Hellevang

**Fondsnemnd:** Tone Tyssealand Holmefjord, Bjarne Hauge og Audhild Aadland Olsnes

**Valnemnd:** Karin Høysæter Steinsland og Eva Hellevang

Årsmøtet gjorde vedtak om at **medlemspengane** framleis skal vera 250 kr for einskildmedlemar og 300 kr for familiar. Krav om betaling vert sendt ut i mars

**Medlemstal:** 148 stk. Av dei er 28 familiemedlemskap.

Møte: 6 styremøte. Årsmøte og bokslepp. Stort frammøte.

## **Aktivitetar :**

Svensken som fann røtene sine på Ådland og i Nordvika, kåseri på årsmøtet ved Svein Egil Kvale og Solvor Aadland.

**Samningaveka:** Tyssevandring v/ Tor Wold, Helge Hisdal og Margunn Lønnebakken, over 30 stk.

**Skuledag i gamle dagar** i Stolpane skulehus v/Solvor Aa og Audhild Aa.Olsnes

Nokre born frå skulen saman med dramlærar, elles vart dei frammøtte elevar. To framføringar.

**Tur til Tælavåg,** planlagd av Helge H. Full veteranbuss, noko dogg og mykje regn. Svært god middag. Eit interessant tilbakeblikk gjennom bilete og film på ei grusom hending under krigen.

**Treskoverkstaden,** 6.klassingane var med Helge H. på omvising.

**Forteljing om krigen ,** Helge vitja 7. klassingane på barneskulen.

**Kulturminnedag** i Hålandsdalen gamle kyrkje, del av kulturminnedagane i Bjørnefjorden 2023. Alle medlemmane fekk innbyding. Hanne Y. Aadland og familien Anne og Torfinn Kolle deltok, kledd i nye, gamaldagse drakter frå Bjørnafjordsområdet, til og med eit dåpsbarn var reiva med fin dåpsbleie over. Fekk vita mykje om både kledebunad og kyrkjetekstilar.

Holdhus-kyrkja og den tidlegare stavkyrkja på Ådland skal ha mange fellestrekk, meiner historikarar.

Medlemene fekk og invitasjon til å vera med på eit **registreringsarbeid** av gamle draktdelar v/Norsk institutt for bunad og folkedrakt. Kom frå Fagernes. Stor oppslutnad, vil gå vidare til hausten.

Vitja nokre gamle **klebersteinbrot** i bygda saman med arkitektstudentar som skulle skriva ei masteroppgåve om stein som byggjemateriale. Tor W, Helge H. og Jann Haugen var med.

**Stolpejakt**, samarbeid mellom idrettslaget og historielaget. Gjennom å kombinera stolpebilete og mobil, kjem ein fram til historiar langs vegen opp mot Fitjavatnet og i terrenget der.

**Boksleppet** i november samla mykje folk. Tor Wold fortalde om brislingfisket i Samnangerfjorden. Aktiv forsamling som hadde mykje å leggja til. Øyvind Røen tok for seg husmenn og bønder, spesielt i Nordbygda.

**Revideringsarbei?** På slutten av året fekk styret vita at kommunen arbeidde med å få nokon til å skriva vidare på slektsboka frå 2008, noko det forrige kommunestyret hadde gjort vedtak om. Styret sende eit brev til kommunen og ba dei først vurdere å revidera dei gamle bygdebøkene. Har i dag eit heilt anna kjeldetilfang enn då Nils Lauvskard la ned sitt storarbeid med Samnanger bind 1 og 2. I tillegg har me no ein person som både kan og vil ta på seg dette revideringsarbeidet.

**Fotogruppa** har vore svært ivrig og hadde ei stor og flott utstilling i biblioteket på Bjørkheim. Vel ei veke fekk me gle oss over utstillinga. Denne gongen fekk me studera Eikedalen gjennom mange år og sjå bilete av dei som over lang tid budde der. Mange av bileta var no i fargar. Ekstra interessant at årboka 23 hadde ein stor artikkel om Eikedalen og om all kreativiteten som var der.

Historielaget har fått laga **glasmonter** på den gamle kista som står på biblioteket, eitt av dei tidlege eksempla på rosemåling på Vestlandet. Ein kulturskatt frå Sævild datert 1816 eigar Thomas Anderson Sævild (f.1783) Johannes Tveiterås d.y. måla kista.

**Ei flott årbok** er komen ut i år også. Mykje arbeid ligg bak, hovudsakleg frå årboknemnda og Tor Wold. Styret er uendeleg takksam for dette verdfulle arbeidet som vert gjort, år etter år! Gjennom årbøkene har me verkeleg fått med oss mykje om farne dagar i bygda vår. Vonar de kosa dykk med boka som kom ut i november!

Elles ei **takk** til medlemene våre som på ulik vis støttar opp om historielaget, til annonsørane i årboka og til Antons kulturhistoriske senter!

For styret, Audhild Aadland Olsnes og Solvor Aadland